



Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre

Møteinnkalling

Utval:	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad:	Hotel Alexandra, Loen
Dato:	13.05.2025
Tidspunkt:	09:00

Velkomen til det fjerde møtet i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2024.

Før styremøtet blir det synfaring i Kjenndalen. Oppmøte ved Hotel Alexandra kl. 0900. Ta med uteklede!

Eventuelt forfall må meldast snarast til ein av forvaltarane Trygve Snøtun på tlf 95 79 44 84 eller Tor Arne Hauge på tlf 90 19 24 71. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Velkomen!

Venleg helsing Trygve Snøtun og Tor Arne Hauge
Nasjonalparkforvaltarar

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 15/25	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 16/25	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 17/25	Jostedalsbreen nasjonalpark - Uttale til reguleringsplan - Sunnfjord 332/1 m.fl. - Jostedalsbreen Gondol		2025/6678
ST 18/25	Orienterings- drøftings- og referatsaker		
RS 4/25	Behov for ekstra tiltaksmidler straksmidlar til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre		2024/17214
RS 5/25	Tilskot til sanitæranlegg ved Bøyabreen - Jostedalsbreen nasjonalpark - 153/1/1 - Fjærland - Oppgradering av Brævasshytta med tunområde		2024/15384
RS 6/25	Jostedalsbreen nasjonalpark - Gjeld søknad om innsamling av prøvar - FLOURISH-prosjektet -2025 - Høgskulen på Vestlandet		2025/6920
ST 19/25	Delegerte saker		
DS 2/25	Vedtak - Forlenga frist for utbetring av sti til Bredesanden i Briksdalen		2023/18230

Orienteringssaker:

1. Status sekretariat
2. Status tiltaksplan
3. Nytt frå SNO
4. Mediasaker sidan sist

ST 15/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 16/25 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar



Arkivsaksnr: 2025/6678-1
Sakshandsamar: Trygve Snøtun
Dato: 07.05.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	17/25	13.05.2025

Jostedalsbreen nasjonalpark - Uttale til reguleringsplan - Sunnfjord 332/1 m.fl. - Jostedalsbreen Gondol

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vurderer at tiltaket med gondol/taubane til ein toppstasjon på Tverrfjellet like ved grensa til Jostedalsbreen nasjonalpark vil påverke både verneverdiar og verneføremåla negativt innanfor vernegrensa, jf. § 49 i naturmangfaldlova.

Det er vurdert at sjølve installasjonen gondol med toppstasjon og aktiviteten inn i verneområdet frå denne vil vere negativt for alle føremåla med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark.

Området kring Tverrfjellet har i dag avgrensa bruk gjennom tradisjonelt friluftsliv. Topografien i området tilseier at mestedelen av aktiviteten frå ein toppstasjon må føregå inn i nasjonalparken. Då tiltaket er planlagt for 75 000 personar årleg, så vil ringverknader av aktiviteten vere stor i eit sårbart område, sjølv om ikkje alle skal bevege seg ut av toppstasjonen.

Om reguleringsplan for gondol til Tverrfjellet blir vedteken, bør det vurderast om det skal gjennomførast ei grensejustering av Jostedalsbreen nasjonalpark.

Saksopplysningar

I styresak 20/23 14.06.2023 handsama Jostedalsbreen nasjonalparkstyre innspel til planprogram for Jostedalsbreen Gondol. 11.04.2025 la Sunnfjord kommune reguleringsplan for same prosjekt ut på høyring og offentleg ettersyn med høyringsfrist 02.06.2025. Planframlegget er utarbeida av Norconsult AS på vegne av Jostedalsbreen AS.

Skildringa under er henta frå utsending av plandokumenta frå Sunnfjord kommune:
«Planområdet ligg ca. 13 km frå Skei. Det startar ved rv.5 mellom Støylsnestunnelen og Fjærlandstunnelen og går opp til Tverrfjellet. Planområdet grensar til Jostedalsbreen



nasjonalpark. Bakgrunnen for planarbeidet er eit ønskje om ei reiselivssatsing ved Kjosnesfjorden og Jostedalsbreen nasjonalpark.

Planen viser ein botnstasjon ved rv.5, mellom Støylsnestunnelen og Fjærlandstunnelen. Der skal det vere parkering, restaurant/kafe og gondolstasjon. Bana går over rv.5 til toppstasjonen like under Tverrfjellet. Der er det planlagt ei utsiktsrampe som gir panoramautsikt over Kjosnesfjorden og kringliggane kulturlandskap og fjell. Det skal vere besøksstyring ut frå toppstasjonen for ikkje å auke trykket på eit svært sårbart naturområde opp mot Jostedalsbreen, snøleie.

Det er gjort ulike utgreiing som grunnlag for reguleringsplanen. Planframlegget inneheld planomtale, reguleringsføresegner, plankart, konsekvensutgreiing (KU), risiko- og sårbarheitsanalyse, m.m. Plankart og føresegner vil vere juridisk bindande, medan andre dokument er av opplysende art.»

Formålet med planarbeidet er etablering av taubane/gondol mellom Lundebotn i Kjosnesfjorden til like oppunder toppen av Tverrfjellet, og på den måten vere eit «fyrtårn» innanfor reiselivet i Sunnfjord.

I planomtalen står det: «Tiltaket i Kjosnesfjorden er basert på:

- *Nærleik til breen og fantastisk utsikt, med god tilgjenge for nye grupper av innbyggjarar og turistar, herunder bl.a. rørslehemma.*
- *Ein heilårsopen attraksjon med opplevingar heile året.*
- *Sentral lokalisering med god kommunikasjon aust/vest og nord/sør via E39 og riksveg 5.»*

I styresak 20/23 vedtok Jostedalsbreen nasjonalparkstyre samrøystes følgjande vedtak som innspel til planprogrammet:

«Det vil vere viktig for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre at det er grundige utredningar om korleis planen om gondol til Tverrfjellet vil kunne påverke verneverdiar og verneføremål i nasjonalparken. Kring toppunktet er det få andre alternativ enn inn i verneområde om det skal bli tilrettelagt for utandørs aktivitetar. I eit krevjande terreng og klima må tryggleiken også bli godt ivaretatt. Vidare tilseier klimaendringar at det kan bli store endringar dei neste åra, noko som bør vere teke omsyn til i ein plan. Til slutt må tiltaket vurderast om det foreinleg med vern i det heile.

Forslag til utgreiingar:


- *Kva aktivitetar skal føregå kor? Kva infrastruktur som stiar og sikring er naudsynt? Korleis påverkar dette verneverdiar og verneføremål?*
- *Korleis skal ein handsame tryggleik for dei besøkande?*
- *Framskriving av korleis klima og breen blir dei neste åra? Korleis påverkar dette bruken av området? Og korleis påverkar det naturverdiane?*
- *Kan næraste område kring gondolen vere nasjonalpark om denne blir realisert?*
- *Ei overordna vurdering av om gondolplanane er i samsvar med føremålet med nasjonalparken.»*

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vil vere ein høyringspart i saka, sjølv om planlagt tiltak skjer utanfor vernegrensa. Nasjonalparkstyret skal gjere planstyresmakta merksam på om tiltak kan påverke verneverdiene innanfor nasjonalparken, jf. § 49 i naturmangfoldlova.

§ 49.(utenforliggende virksomhet som kan medføre skade inn i et verneområde)

Kan virksomhet som trenger tillatelse etter annen lov, innvirke på verneverdiene i et verneområde, skal hensynet til disse verneverdiene tillegges vekt ved avgjørelsen av om tillatelse bør gis, og ved fastsetting av vilkår. For annen virksomhet gjelder aktsomhetsplikten etter § 6.

Sidan plangrensa går parallelt med vernegrensa rundt Tverrfjellet på kring 1500 moh., vil etablering av gondol like utanfor også kunne ha ringverknader innanfor nasjonalparken (figur 1). Uttalen frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vil omhandle korleis tiltaket vil påverke verneverdiar og verneføremål i nasjonalparken, innfallsport og aktivitet.




Figur 1: Oversiktskart som syner avgrensing av planområdet med svart stipla linje. Jostedalsbreen nasjonalpark er markert med grøn skravur.

Toppstasjon med av-/på stiging på kote +1462,5, like under toppen på Tverrfjellet på kote 1494, er eit bygg på fire plan som utgjer i underkant av 1000 kvadratmeter. I tillegg til av-/på stiging, skal det vere rom for lager og reingjering, toalettfasilitetar og utsiktsrom. Mellom toppstasjonen og Tverrfjellet er det føresett etablert bru til terreng med eit avgrensa opphaldsareal ute på kote 1473/1474.



Figur 2: Utarbeidd skissekonsept for toppstasjonen, mot Kjøsnesfjorden (venstre) og mot breen (høgre).



Figur 3: Snitt av toppstasjonen til venstre. Utsnitt av illustrasjonsplan med (1) toppstasjon, (2) turveg på 40 meter og (3) uteoppholdsareal med utkikkspunkt.

For å kunne styre ferdsel ønskjer utbyggjar å setje opp sperringar, slik at besøkande ikkje fritt kan gå i området. Det skal likevel vere mogleg å betale ein guide som kan ta med personar/grupper på tur. Det er estimert at kring 40 prosent av sysselsette skal arbeide med besøkshandtering knytt til Jostedalsbreen Gondol.

I planomtalen med konsekvensvurdering er det sagt at: *Det er lagt til grunn besøksstyring innanfor toppstasjonen, der ferdsel til og frå føreset at ein fysisk må bevege seg ut av anlegget. Formålet med besøksstyringa er å avgrense slitasje på registrert naturtype (kalkfattig og intermediær snøleie (NINFP2210101078)) og forstyrning av artar i sårbar periode mellom 15. april til 15. juni. All ferdsel frå toppstasjonen føreset bruk av gaid. Det gjeld òg for ferdsel frå stasjonen til det regulerte uteoppholdsarealet. Arealet skal avgrensast fysisk mot omgjevnadane med nivåsprang, mur og/eller gjerde.*

Verneforskrifta

I forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark står føremålet for vernet i kapittel III:

Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.



- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark (1994) går det fram at «*det er ønskeleg å halde sjølve breplataet på Jostedalsbreen og nærliggjande brear og fjellryggar som "kvalifisert villmark"*». Vidare er «klassiske» oppgangar og dei gamle ferdselsrutene mellom bygdene trekt fram som viktige.

Besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark 2021-2027

Besøksstrategien vart vedteken hausten 2021. Den er det nyaste plandokumentet for Jostedalsbreen nasjonalpark og skal vere eit vedlegg til forvaltningsplanen, som er under revidering.

Føremålet med besøksstrategien er definert slik i kapittel 1.1:

- *Å ta vare på naturverdiane i nasjonalparken og i randområda*
- *Å gje alle dei besøkande ei betre naturoppleving*
- *Å bidra til auka verdiskaping i bygdene rundt breen*

Nasjonalparkforvaltninga si primæroppgåve er å forvalte nasjonalparken for å ivareta naturverdiane på lang sikt. Samstundes skal besøksforvaltninga leggje til rette for og styre bruken av verneområdet, slik at opplevinga for dei besøkande og den lokale verdiskapinga vert størst mogeleg, forståinga for vernet vert auka og verneverdiane vert tekne vare på. Dersom det er motstridande målsetjingar mellom ivaretaking av verneverdiane, tilrettelegging for dei besøkande og lokal verdiskaping, skal ivaretaking av verneverdiane leggjast størst vekt på.

Besøksstrategien skal vere eit verktøy for å prioritere naudsynte tiltak for å ivareta verneverdiane i nasjonalparken, samstundes som ein legg til rette for verdiskaping i lokalsamfunna rundt.

I kapittel **2.5.1 Tiltak for styrking av verneføremåla** er det trekt fram nokre punkt som er særskilt viktig å ta omsyn til i arbeidet med innfallsportar og besøksforvaltning:

Slitasje på vegetasjon og terreng

I samband med utvikling av aktuelle innfallsportar må det gjennomførast nødvendige vurderingar av sårbarheit og kapasitet for å unngå å leie folk inn i område med låg toleevne og for å sikre nødvendige tilretteleggingstiltak. Kva tilretteleggingstiltak som eventuelt skal brukast må tilpassast den einskilde innfallsport.

Sårbare morenar og sårbar vegetasjonstypar må takast særskilt omsyn til ved kanalisering av besøkande og tilrettelegging av innfallsportar i Jostedalsbreen nasjonalpark.

Det bør gjennomførast sårbarheitsvurderingar for ferdsel før tiltak vert gjennomført i den einskilde innfallsport. Sårbarheitsvurderingane må i tillegg til vegetasjon og dyreliv også sjå på sårbarheita til kvartærgeologiske element, som til dømes morenar.



Problemet med villvarding kan truleg avgrensast dersom ein set inn konkrete tiltak for å betre informasjonen til dei besøkande om konsekvensane slik åtfærd har for verneverdiane og sikkerheit.

Dyreliv

Forstyrningar av villrein frå ferdsel er eit reelt trugsmål mot verneføremål og verneverdiar i deler av nasjonalparken. Ved ei aktiv og kunnskapsbasert besøksforvaltning vil vi likevel kunne styrke verneføremålet, ved fysiske tiltak og ved å setje i verk informasjonstiltak som gir mindre forstyrring av villreinen, på særleg kritiske lokalitetar og i sårbare periodar av året. Auka kunnskap om fuglelivet i nasjonalparken kan medføre at artar som er sårbare for ferdsel vert lokalisert. Naturverdiane må vege tungt om det oppstår interessekonfliktar mellom sårbare fugleartar og ferdsel/friluftsliv.

Tradisjonelt friluftsliv

Eit av verneføremåla for Jostedalsbreen er å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.

Smelting og tilbaketrekking av brearmar, har gjort fleire av dei tradisjonelle opp- og nedgangane frå breen farlege for ferdsel. Det medfører at færre brearmar i dag vert nytta til tradisjonelt friluftsliv, som brevandring og skiturar.

For å ivareta dette verneføremålet og interessene til alle som ønskjer å nytte Jostedalsbreen nasjonalpark til tradisjonelt friluftsliv, er det viktig å ta desse interessene med i vurderinga av innfallsportar for vidare utvikling. Innfallsportar som vert prioritert for tilretteleggingstiltak for mange besøkande vil ofte krevje større fysiske tiltak enn det som er nødvendig og ønskjeleg ved utøving av tradisjonelt friluftsliv.

For tradisjonelt friluftsliv er enkel infrastruktur som vedlikehald av stiar og bruer viktig for å styrkje verneføremålet.

Lundaskaret er i besøksstrategien definert som ein innfallsport til nasjonalparken. Ferdselsvegen mellom Kjøsnesfjorden og Fjærland var viktig for kontakten mellom bygdene tilbake i tid, og er eit viktig kulturminne. Jostedalsbreen nasjonalparkstyret nytta tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet til å restaurere store deler av stien i Lundaskaret i 2015. Turen er krevjande, og er best eigna for dei folk som er vande med å gå i fjellet. Som innfallsport og kulturminne som ferdselsveg er Lundaskaret viktig for nasjonalparkforvaltninga. Sjølv om deler av traseen går utanfor vernegrensa, må ein sjå heile turen under eitt. Utfordringa med innfallsporten i dag, jf. besøksstrategien, er ein trafikkfarleg tilkomst til starten av stien. Ein ferdselsteljar i 2022 viste kring 1400 passeringar, eller om lag 700 personar tur/retur.

Vurdering

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret skal vurdere om det vil vere konsekvensar av ei utbygging inn i verneområdet. Sjølvvege toppstasjonen har ei byggegrense som stoppar kring 50 meter frå vernegrensa, medan det opparbeidde utearealet stoppar kring 25 meter frå vernegrensa.

Konsekvensutgreiinga av ulike fagtema vert kommentert og vurdert nedanfor.




Naturmangfald: Verdi Jostedalsbreen NP: Svært stor verdi. Blir noko forringa
«Ved Jostedalsbreen nasjonalpark er det få eller ingen naturverdiar som er venta å bli direkte forringa av tiltaket. Utgangspunktet er at ferdsel inn i verneområdet utan guide ikkje skal førekome. Bygging så tett på verneområdet må reknast for å utfordre verneformålet, og føre til fjernverknadar inn i området i form av støy og forstyrring. Tiltaket vil først og fremst gå imot målet om å ta vare på området i sin naturlege tilstand. Verneområdet er vurdert å kunne verte noko forringa av planane.»


Toppstasjonen er planlagt plassert på raudlista naturtype kalkfattig og intermediær snøleie, ein naturtype som er vurdert som sårbar. Naturtypen har god tilstand og svært høg lokalitetskvalitet. Som naturleg følgje er det også funn av raudlista artar knytt til høgfjellsøkologi i denne naturtypen. Registreringa er utanfor nasjonalparken.

Noko av det viktige med nasjonalparkar er vern av større områder, slik at store samanhengande økosystem har gode funksjonsområde. Alt plante- og dyreliv, og geologiske førekomstar er verna, ikkje berre dei som er på raudlista. Naturtypar knytt til høgfjellet og isbrear er ofte på raudlista for naturtypar. Desse kan vere sensitive til slitasje og trakk, då vekstsubstratet er ustabilt. Mykje folk på snøleier og moreneryggar vil kunne gjere stor skade, og vere i strid med verneføremålet til nasjonalparken. For fuglar og dyr som i dag nyttar området, vil forstyrring av ei gondolbane og mykje meir folk gjere området mindre attraktivt.

Av geologiske førekomstar må moreneryggane på vestsida av Marabreen trekkast fram som spesielt utsett med tanke på utbygging, men også moreneryggane nord for Trollavatnet (utanfor nasjonalparken). Moreneryggar er bygd opp av lausmassar som er utsett for erosjon, særskilt av trakk. Professor Atle Nesje skildrar det slik: *«I området nord for Trollavatnet og langs vestsida av Marabreen er det markerte moreneryggar som på ein instruktiv måte syner breen si tidlegare utbreiing. Desse moreneryggane er eit viktig naturdokument og dei er av stor vitenskapleg verdi. Det må derfor ikkje gjerast inngrep i desse moreneryggane.»* Nesje A.- Geologiske verneverdiar i og rundt Jostedalsbreen nasjonalpark (2023).



Figur 2: Løsmassekart over Lundedalen og området ved den sørvestlige delen av Jostedalsbreen.



Figur 3: LiDAR-kart over området på vestsida av Marabreen. Pilene markerer samanhengande sidemorener på vestsida av Marabreen.

Forvaltar meiner at sjølv om sjølve byggetiltaket skjer utanfor, vil influensområdet av tiltaket på naturmangfaldet og geologiske førekomstar kunne vere stort. Det stillast også spørsmål om ein dag i felt er nok til kartlegging av naturmangfald for heile området. I randsonene til



isbrear er landskapet «nytt» og har ikkje fått sett seg. Det er mange aktive geologiske prosessar og pionerartar som prøver å etablere seg. Dette tek tid, substratet er ustabilt og klimaet er hardt. Difor vil slike område vere sårbare for mykje ferdsel. Sidan alt av planter, dyr og geologiske førekomstar er verna, og at påverknaden av folk som blir transportert opp med gondol kan vere med å øydelegge/forringe dette, meiner forvaltar at tiltaket strir mot verneføremålet til nasjonalparken. Difor blir det stilt spørsmål til at utgreiar konkluderer med at det er berre «noko negativ konsekvens» for Jostedalsbreen nasjonalpark under fagtema naturmangfald.

Kulturmiljø: Lundeskaret er omtalt som eit kulturlandskap av nasjonal interesse.

«Kunnskapen om ferdselsvegen og det omkringliggende kulturlandskapet er med på å gje delområdet stor betyding, med historiefortellande-, identitetsskapande- og opplevingsverdi», sitat frå KU. Den historiske ferdselsvegen frå Lunde til Fjærland har stor verdi som vil bli forringa, jf. KU. *«Tiltaket med toppstasjon, mast, pendel, vogner og rassikring vil vere synleg frå fleire stadar og representerer eit framandelement i eit nokså godt bevart kulturlandskap og vil ha relativt stor visuell påverknad (både nær- og fjernverknad) som kan verke negativt på opplevingsverdien av kulturminne og kulturmiljø»,*

Ferdselsvegen mellom Lunde og Fjærland kryssar over nasjonalparken, og må seiest å vere av interesse for nasjonalparkforvaltinga. Jostedalsbreen nasjonalparkstyret har peika på ferdselsvegen til Lundaskaret som ein innfallspori til nasjonalparken i Besøksstrategien for Jostedalsbreen nasjonalpark 2021-2027. Nasjonalparkstyret har over år hatt fokus på både gamle stiar/oppgangar til breen og gamle ferdselsvegane mellom bygdene kring breen. Desse er viktige for friluftslivet, men også i ein kulturhistorisk kontekst. I 2015 vart det gjennomført eit stort restaureringsarbeid av ferdselsvegen til Lundaskaret med tiltaksmidlar frå nasjonalparkforvaltinga. Både sti og terreng rundt er bratt, det kan ligge vanskelege snøfener til langt på sommaren, og ferdselsvegen eignar seg best for fjellvande folk. At kulturminnet ferdselsvegen blir forringa, vil også vere negativt i forhold til verneverdiane som skal forvaltast i nasjonalparken.

Landskap: *«Jostedalsbreen er den største isbreen på det europeiske fastlandet. Isbrear utgjer om lag halve arealet i nasjonalparken. Som landskap får nasjonalparken svært høg verdi fordi det er eit verneområde med få menneskelege inngrep. Frå breen er det utsyn over storskalalandskap i alle himmelretningar. Delområdet er gjeven svært stor verdi»,* jf. KU. Påverknad på Jostedalsbreen er at den blir forringa og vil gi ein alvorleg konsekvens for fagtema landskap.

Også Grovabreen, som er innanfor Jostedalsbreen nasjonalpark, er eit delområde i dette fagtema. Denne får stor verdi grunna vern, men noko mindre sidan den opplevast som underordna Jostedalsbreen. Påverknad på Grovabreen er at den blir noko forringa og vil gi noko konsekvens for fagtema landskap.

«Toppstasjon med mast, kabinar og rassikring vil vere synleg i store delar av influensområdet og vil stå fram som eit framandelement i eit landskap som vert opplevd urørt, særleg med den nærleiken til nasjonalparken som tiltaket har. Toppstasjonen med tilhøyrande anlegg vil føre til ein markant visuell påverknad, som bryt med noverande



symbolverdi til natur- og kulturlandskapet som vert opplevd urørt. Dette gjeld særleg for delområdet Jostedalsbreen», jf. konsekvensutredning.

Det er eit ønske frå nasjonalparkforvaltinga å halde breplatået på Jostedalsbreen og nærliggjande brear og fjellryggar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand. Eit framandelement som ein gondol utgjer, vil etter forvaltar si vurdering ha stor negativ effekt på landskapet.

Friluftsliv: Utgreiingsområdet friluftsliv er delt inn i ni delområde, der fem av dei er innanfor Jostedalsbreen nasjonalpark. *«Felles for friluftslivsområda er at dei inngår i eit unikt fjord- og fjellandskap og har store opplevingseigenskapar tilknytt natur- og landskapsopplevingar. Store delar av utgreiingsområda inngår i Jostedalsbreen nasjonalpark og har nasjonale friluftslivsverdier. Friluftsområda vert hovudsakleg nytta til tradisjonelle friluftslivsaktivitetar som fotturar, skiturar, klatring, jakt og fiske. Områda har varierende grad av tilrettelegging for friluftsliv»*, sitat frå konsekvensutgreiinga.

Delområde A – Lundeskaret	Særleg kvalitetsområde
Delområde B – Jostedalsbreen vest	Stort turområde utan tilrettelegging
Delområde C – Bjørga - Tortnegrøegga	Utfartsområde
Delområde G – Grovabreen/Jostefonn	Stort turområde utan tilrettelegging
Delområde H – Grovabreen – Sygnesandsdalen	Stort turområde utan tilrettelegging og utfartsområde

I konsekvensutgreiinga har utgreiar nytta Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 sin definisjon av friluftsliv *«opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida, med sikte på miljøforandring og naturoppleving»*.

I utgreiinga har utgreiar gjort ei todelt vurdering av påverknad og konsekvens. Det er skilt mellom påverknaden for tradisjonelt friluftsliv og eksisterande bruk frå vurderinga av påverknad for ny venta bruk av området med nye brukargrupper, aktivitetar og moglegheiter for åtkomst.



Tabell 1: Friluftsliv: Verdi, påverknad og konsekvensgrad for delområda.

Delområde	Verdi	Påverknad	Konsekvensgrad
1 - Lundeskaret	Stor	Forringa	Alvorleg konsekvens (---)
2 – Jostedalsbreen vest	Svært stor	Forringa	Middels konsekvens (--)
3 – Bjørga - Tortnegrøegga	Svært stor	Noko forringa	Middels konsekvens (--)
4 - Fossheimsdalen, Vikadalen	Stor	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg konsekvens (0)
5 - Kollen	Middels	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg konsekvens (0)
6 - Kjøsnesfjorden og Lundevassenden	Stor	Noko forringa	Middels konsekvens (--)
7 – Grovabreen/Jostefonn	Stor	Noko forringa	Noko konsekvens (-)
8 – Grovanipa - Grovabreen – Sygnesandsdalen	Stor	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg konsekvens (0)
9 - Sundsheia	Stor	Ubetydeleg endring	Ubetydeleg konsekvens (0)
Ny bruk og nye brukargrupper		Betra	Positiv konsekvens (+)

I utgreiinga av fagtema friluftsliv er det fleire poeng forvaltar meiner bør nemnast. Forvaltar har også fått hjelp til nokre avklaringar frå Odd Lennart Vikene, Jostein R. Sanderud og Håvard Grøteide på friluftslivsutdanninga på Høgskulen på Vestland. Eitt av verneføremåla for Jostedalsbreen nasjonalpark omhandlar friluftsliv: «å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging».

I konsekvensutgreiinga har utgreiar gjort ein todelt vurdering av påverknad og konsekvens for fagtema friluftsliv, der ein skil mellom dagens bruk som i all hovudsak kjem under tradisjonelt friluftsliv, og ny bruk og nye brukargrupper. For dagens friluftsliv blir det gradvis meir negativ konsekvens jo meir eit område blir påverka av gondolen, både av sjølve installasjonen og aktiviteten den genererer. I reguleringsplanen skriv dei: «For Lundeskaret er tiltaket vurdert å gje ein alvorleg konsekvens for friluftslivet, medan det for Jostedalsbreen vil gje betydeleg konsekvens. Samla sett vert tiltaket vurdert til å gje tradisjonell friluftsliv ein betydeleg negativ konsekvens». Dette utdraget står i kontrast til tabellen over (tabell 1), der konklusjonen er middels negativ konsekvens.

Utgreiar argumenterer som motsvar til dette at ein gondol også vil kunne gi ein positiv konsekvens for andre, og seier at anlegget skal vere universelt utforma. For å kunne kalle det friluftsliv skal det vere ein fysisk aktivitet i friluft, noko eit opphald på toppstasjonen knapt kan kallast. Odd Lennart Vikene m.fl. skriv det slik: «Det er ikke friluftsliv å «stå på en veranda» på kanten av Jostedalsbreen». Utgreiinga går ikkje nærare inn på kva ny bruk det er snakk om eller kven dei nye brukargruppene er. Dersom ein berre kan komme ut i naturen ved å betale ein guide, er det etter forvaltar si vurdering snakk om reiseliv heller enn friluftsliv.

Utanfor planområdet er det tilnærma ingen infrastruktur i dag, med unntak av ferdsselsvegen til Lundeskaret og nokre mindre trakk. Einaste vegen å ta seg fram frå toppstasjonen er inn i nasjonalparken. Det er bratte fjellsider på eine sida, isbreen på andre og sårbare natur i



mellom. Utgreiar har ikkje peika på kva aktivitetar det er ønskeleg å ha turistar med, om det krevst tilrettelegging av infrastruktur og sikringstiltak, utover at ferdsel skal skje med guide.

Odd Lennart Vikene m.fl. uttrykker det slik om friluftsliv: *«Det tradisjonelle friluftslivet bygger på en logikk der en ferdes i natur på naturens premisser. Det er mer i moderne tid at begrepet «friluftslivsparadokset» har fått sin plass (Gurholt & Haukeland, 2019), der alle slags aktiviteter utendørs på ulikt vis blir inkludert som del av friluftslivet. Paradokset oppstår når det å oppholde seg i natur gjennom friluftsliv, også innebærer å ødelegge den.»*

Utbygging av gondol er ein stor teknisk tilrettelegging som ikkje byggjer oppunder det tradisjonelle friluftslivet, men som heller står i fare for å ødelegge naturen gjennom auka bruk i eit sårbart område. Utgreiar prøver å imøtegå dette med å seie at ein berre får bevege seg ut av toppstasjonen med guide, og at ein slik vil kunne styre ferdsle og unngå slitasje på sårbare område. Sjølv om ein kvalifisert guide kan styre besøkande i stor grad, er det mengda av trakk i sårbare område som vil vere utfordringa. Utgreiar opnar for endå meir innstramming av ferdsel dersom ein kan påvise at slitasjen blir for stor.

Denne styringa av ferdsel er nok eit paradoks, i alle fall i norsk friluftssamanheng. Allemannsretten (§ 2 i friluftsløva) står sterkt i Norge, der alle gratis skal kunne ferdast i utmark på ein omsynsfull måte. Ved å ta betaling for å komme til naturen blir det aktiviteten eksklusiv og ekskluderande. Forvaltar meiner dette er uheldig.

Så langt forvaltar kan sjå, kan vanskeleg kategorien *ny bruk og nye brukargrupper* nyttast i utgreiinga for fagtema friluftsliv. For det eksisterande friluftslivet er det vurdert til å få betydeleg negativ konsekvens. Då er det vanskeleg å argumentere med at udefinert bruk av eit sårbart naturområde av udefinerte brukarar skal vege opp for det negative for dagens brukarar. Dette inntrykket blir forsterka av at ny bruk er anten er knytt til eit utkikkspunkt eller til ein betalt guide, og slik må oppfattast som reiseliv/turisme og ikkje friluftsliv.

Sidan eit av føremåla med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er naturopplevingar gjennom eit tradisjonelt friluftsliv utan teknisk tilrettelegging, meiner forvaltar tiltaket strir mot verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark. Dette fordi det her vert planlagt ein omfattande teknisk installasjon der bruken er vurdert til å ha negative konsekvensar for det tradisjonelle friluftslivet.

Oppsummering:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal vurdere om tiltaket gondol til Tverrfjellet kan påverke verneverdiane innanfor vernegrensa, jf. § 49 i naturmangfaldlova. Sjølve planområdet har felles grense med nasjonalparken, medan toppstasjonen er kring 50 meter frå vernegrensa og utkikkspunktet er kring 25 meter frå vernegrensa. Tiltaket vil vere visuelt synleg frå lang avstand, også i nasjonalparken, og vil opplevast som framandelement i eit unikt landskap som elles står fram som urørt. Områda rundt gondolen vil også få lyd- og lysureining som påverkar opplevinga av urørt natur negativt.

Utgreiar har estimert at 75 000 personar skal ta gondolen årleg. Dette vil medføre meir aktivitet i eit område der det tidlegare har vore minimalt med folk. Her er vegetasjon og geologiske førekomstar som er sårbare for slitasje og trakk. Utgreiar meiner dei kan styre dette med at alle som skal ut av toppstasjonen skal ha guide. Det er ikkje spesifisert kva kvalifikasjonar guiden skal ha, eller kva aktivitetar det er snakk om. Sidan det er svært bratt



og utsett terreng nedover mot Kjøsnesfjorden, vil tilnærma all aktivitet frå toppstasjonen truleg måtte skje inn mot nasjonalparken.

Jamfør vurderingane over, frå konsekvensutgreiinga, vil tiltaket vere i strid med alle verneføremåla i Jostedalsbreen nasjonalpark (jf. kapittel III i verneforskrifta). Sjølv om tiltaket med bygging av gondol vil vere på utsida av vernegrensa, vil alle grunnane for å opprette nasjonalpark i området bli påverka av sjølve tiltaket eller aktiviteten tiltaket fører med seg:

- «å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand» - Breområdet blir ikkje verna i naturleg tilstand når det står ein stor toppstasjon for gondol på kanten av breen. Sårbar vegetasjon og geologiske førekomstar vil vere svært sårbar for aktivitet i området, og fuglar og dyr vil kunne bli pressa vekk av aktivitet, lyd og lys.
- «å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging» - For det tradisjonelle friluftslivet vil både det visuelle med store tekniske installasjonar og ei stor auke i aktivitet gjere området mindre attraktivt og gjere naturopplevinga mindre.
- «å verne om kulturminne og kulturlandskap» - Den historiske ferdselsvegen mellom Lunde og Fjærland er eit viktig kulturminne. Denne er utpeika som innfallsport til nasjonalparken gjennom Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark (2021-2027), og er i dag den einaste merka stien i området. Nasjonalparkstyret restaurerte store deler av ferdselsvegen med tiltaksmidler i 2015. Opplevinga av ferdselsvegen vil bli sterkt forringa av ein gondolbane som går like ved. Det er og verdt å nemna at ferdselsvegen er krevjande, og best eigna for fjellvande folk.

Som synleggjort over meiner forvaltar at tiltaket med gondol til Tverrfjellet i stor grad vil ha negativ påverknad på verneverdiane i Jostedalsbreen nasjonalpark. Området i ein stor radius kring toppstasjonen kan vanskeleg vere nasjonalpark, då målet med forvaltinga er å hindre tiltak som kan få så store negative konsekvensar for verneområdet. Det vil også vere uheldig dersom nasjonalparkforvaltinga skal måtte handtere utfordringar knytt til sårbar natur, ferdsel og tryggleik, i eit til no lite brukt område, på grunn av ei reiselivssatsing med stor grad av teknisk tilrettelegging.

ST 18/25 Orienterings- drøftings- og referatsaker
RS 4/25 Behov for ekstra tiltaksmidler straksmidlar til Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre
RS 5/25 Tilskot til sanitæranlegg ved Bøyabreen - Jostedalsbreen nasjonalpark -
153/1/1 - Fjærland - Oppgradering av Brævasshytta med tunområde
RS 6/25 Jostedalsbreen nasjonalpark - Gjeld søknad om innsamling av prøvar -
FLOURISH-prosjektet -2025 - Høgskulen på Vestlandet
ST 19/25 Delegerte saker



**Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Rådhusvegen 1
6868 Gaupneststed

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5764 3133
sfvlpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/jostedalsbreen>

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Sakshandsamar Tor Arne Hauge

Vår ref. 2023/18230-11 432.3

Dykkar ref. «REF»

Dato 23.04.2025

Delegert vedtak

Delegasjonssak	2/2025
-----------------------	---------------

Vedtak - Forlenga frist for utbetring av sti til Bredesanden i Briksdalen

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 14.03.2016, vert det gjort fylgjande vedtak:

I medhald av verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark kapittel IV, punkt 1.3, tredje og fjerde ledd, og punkt 4.3, andre ledd, får Oldedalen Skyss AS og Briksdalsbreen Fjellstove forlenga sin dispensasjon frå verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark for å kunne gjennomføre utbetringar av stien til Bredesanden ved Briksdalsbreen.

Løyvet gjeld for inntil to dagar med høveleg traktor og inntil to dagar bruk av gravemaskin mindre enn 2000 kg.

Løyvet gjeld fram til 20.juni 2025.

Vilkåra elles, gjeve i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sitt vedtak 20.12.2023, gjeld som før.

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via nasjonalparkstyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.



Dokument i saka

- Sak 47/23 i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre datert 20.12.2023
- Delrapport nr. 2 med søknad om forlenga løyve, datert 08.11.2024

Søknaden

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gav i sitt møte 20.12.2023 Oldedalen Skyss AS og Briksdalsbreen fjellstove følgjande dispensasjon:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir, i medhald av verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark kapittel IV, punkt 1.3, tredje og fjerde ledd, Oldedalen Skyss AS og Briksdalsbreen Fjellstove løyve til følgjande tiltak på turstien til bredesanden ved Briksdalsbreen:

- Oppgradering av eksisterande tursti frå nasjonalparkgrensa til bredesanden før Briksdalsbrevatnet.
- Turstien skal avgrensast så godt det let seg gjere til dagens breidde.
- Eventuelle dreneringsrøyr skal blendast av med stein.
- Det kan nyttast pukk som berelag og 0-16 mm grus som topplag.
- Løyve til å grave ned tråkkstein over bredesanden til moreneryggen frå 1996. Det skal ikkje gravast i moreneryggen.
- Tråkkstein skal vere av same bergart som omgjevnadane og hentast lokalt.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir, i medhald av verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark kapittel IV, punkt 4.3, andre ledd, Oldedalen Skyss AS og Briksdalsbreen Fjellstove løyve til følgjande motorisert ferdsel i samband med tilrettelegging av turstien til Briksdalsbreen:

- Bruk av gravemaskin på mindre enn 2000 kg i inntil 5 dagar.
- Bruk av høveleg traktor i inntil 5 dagar.
- Det skal ikkje vere køyrespor att etter ferdig arbeid.
- Løyvet gjeld ikkje søndagar og heilagdagar.
- Løyvet gjeld til og med 30.06.2024.
- Lokalt naturoppsyn skal varslast seinast dagen før tiltaket startar (SNO – Anne Rudsengen – tlf. 959 63 888).

Det vart 19.06.2024 søkt om å forlenge løyvet til 30.09.2024, noko som vart innvilga ved delegert vedtak av 18.07.2024.

Det vart 08.11.2024 sendt inn ein fyldig rapport over arbeidet som var utført i 2024. På grunn mangel på høveleg stein og det dårlege veret sommaren 2024 er ikkje arbeidet fullført. Det var enno att to dagar arbeid med traktor og to dagar med gravemaskin av kvoten på 5 dagar med kvar av maskinene. Dei søkte difor om å overføre desse dagane til mai 2025. Dei vil då kunne samle meir stein utanfor parkgrensa slik at dei kan fullføre tiltaket før sommaren.

Det betyr at det vert søkt om utvida frist for ferdigstilling av arbeidet.



Vurdering

Utsett frist for ferdigstilling av arbeidet til 15.juni vil ikkje medføre negative konsekvensar for verneverdiane i området. For dei besøkande si oppleving av området vil ferdigstilling av tiltaket vere viktig.

Det vert elles vist til vurderingane gjort i styresak 47/23 og vilkåra som er sett i same sak.

Med helsing

Tor Arne Hauge
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent